

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1262
5943 Austrheim



KILSTRAUMEN
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 952 13 012 ELLER 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



Nr 01 – 2020 – Januar nummeret – 49.årgang – nytt stoff innan 11.februar 2020.



KYRKJEBAKKEN
Informasjonsblad for Austrheim sokn



KYRKJESKYSS

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim

Tlf. 56 16 72 90

E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest: Treffid etter avtale

Bustadtelefonar:

Sokneprest Rune Mінде	90 69 53 77
Kyrkjeverje Leif Arne Økland	40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog	
Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

KYRKJEBAKKEN

Redaksjonen

Utgevar: Austrheim sokneråd

Redaksjon: Britt Rebnord,
Jostein Hauge
Leif Arne Økland
Jorunn Kårdal.

Bankgiro: 3490.07.04196

E-post: kyrkjeba@online.no

Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

DET SKJER:

Tysdag 11.02
Diakonifest på
Nordliheimen kl. 17.00

Søndag 16.02
Gudsteneste i
kyrkjelydshuset kl.11.00

Søndag 08.03
Gudsteneste kl.11.00
(uavklart lokale enno)

Fredag 27.03
Gudsteneste for alle kl. 18.00



Kyrkja, eit gammalt hus

I ein salme heiter det: **«kyrkja, ho er eit gammalt hus....»**

Det er nok sikkert ein og annan som med smil om munn siterer denne Grundtvigsalmen no om dagen. Austrheimkyrkja er rokka i sitt fundament, fleire av søylene som ber hovedskipet sig, og grunnen under må utbetrast!

Men det som er poenget i denne salmen dreier seg eigentleg ikkje om ytre bygningar, arkitektur og byggemetodar. Det er menneska som er i sentrum: **«Me er Guds hus og kyrkje her, bygde av levande steinar»**

heiter det i v.2. Ei av dei sterkaste opplevingar eg har hatt av styrken i dette byggverket fekk eg oppleve ein gong i eit fattig område i Brasil. Det Norske Misjonselskap samarbeidde der med

den lokale kyrkja. Vi sto i ein halvsirkel, nokre ungdomar frå Norge og ein handfull lokale brasilianarar i eit lite skur og feira gudsteneste. Språket var portugisisk, og eg skjøna svært lite. Men eg hugsar enno den sterke opplevinga av fred som breidde seg i rommet. Vi var ein del av eit fellesskap som

hentar sin styrke frå noko utanfor oss sjølve, eit sterkt, usynleg og uforklarleg band som gjekk rundt halve jordkloden. Enno er denne kjensla levande tilstade hjå meg, meir enn 20 år etter.

No er eg trygg på at dei som skal gjera jobben med kyrkja vår får sikra den slik at vi igjen skal få lov

å samlast i Austrheimkyrkja i glede og sorg, til fest og kvardag, i eit tenleg og vakkert bygg. Men hjørnesteinen er ikkje råd å finna med korkje gravemaskin eller målereiskapar, same kor teknologisk avanserte dei er.



**«Var me kje meir enn to på jord,
Ville han bu med livsens ord
Hjå oss med heile sin nåde.»**



Austrheim sokn

Gravlagde

- 26.november: Nelly Kristine Harveland, f. 1928. Bisetjing
- 3.desember: Alfhild Rosette Langøen Stokholm, f.1927. Bisetjing.
- 10.desember: Gunnar Daniel Kaland, f.1930.
- 20.desember: Emma Sætre, f.1930. Bisetjing.
- 3.januar: Målfrid Fagerbakke, f.1927.
- 10.januar: Nikolai Hafstad, f.1933
- 14.januar: Berit Margrete Kvalheim, f. 1945.



ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

1/1 side + bakside	kr.1.000,-
3/4 – 2/3 side	kr. 750,-
1/2 side	kr. 500,-
1/3 side	kr. 350,-
1/4 side	kr. 250,-
Små annonser	kr. 150,-
Korte takkeannonser er gratis.	

UTGJEVINGSPLAN KYRKJEBAKKEN

- o Frist: 11.feb –
- o Frist: 10.mars –
- o Frist: 15.april –
- o Frist: 12.mai –
- o Frist: 09.juni –

- ut 27.feb
- ut 26.mars
- ut 30.april
- ut 28.mai
- ut 25.juni



VÅR VARMASTE TAKK

for vennlig deltagelse ved vår kjære mor Aslaug Helland sin bortgang. En spesiell takk til personalet på Nordliheimen, avd. Nordlia.

Hilsen Anita og Trond med familie

TAKK

Stor takk til alle dykk som i førjulstida, jula 2019, og elles i året gledde oss med vitjingar, underhaldning, blomehelsingar og gåver. Vi set stor pris på slik omsorg og omtanke.

Spesiell takk til :

- Rune Minde og Jostein Hauge som kjem anna kvar tysdag og held andakt/syng for oss.
- Sanitetsforeninga og Diakoninemda som arrangerer ulike tilstelningar for bebuarane.
- «Landbruksdagen» som tek godt imot oss kvart år.
- Jan Foss og Asbjørg Steine Utkilen for musikk og song.
- Rolf Eriksen med fleire som kjem jevnleg og har andakt og sang.
 - Husmorlaget for div.gaver og blomar.
 - Alle frivillige som stiller opp gjennom heile året, på ulike tilstelningar.

Helsing bebuarar og tilsette ved Nordliheimen

HJARTELEG TAKK

til Diakoninemda for rosa eg fekk til 98-årsdagen. Takk og til Britt som kom med den.

Helsing Nora Hauge

MIN VARMASTE TAKK

for oppmerksomheten i anledning min 90-årsdag.

Borgfrid

EI VARM TAKK

for all omtanke, deltaking og blomar ved vår kjære mor Emma Sætre sin bortgang. Ei spesiell takk til personalet på Nordliheimen for god pleie og omsorg.

Lasse, Ingeborg og Otto med familier

TAKK

til diakoninemda for den fine rosebuketten eg fekk til 80-årsdagen min og takk til Kari som kom med den.

Helsing Sigbjørg Stien

TAKK

«Austrheim sokneråd vil takka Årås søndagsskule for gåva på 1500 kr til Kor for ein dag. Me vil og takka Austrheim kvinne og familielag for gåva på 2500 kr til fireåsboekene.

Min salme

Av Tove Daae

Å velge «min salme» er ikke så enkelt, det er så mange fine salmer. Julehøytiden har sin favoritt og påsken med «Å salige stund». I den nye salmeboken er det også kommet til flere pinse- og sommersalmer som gjør mangfoldet enda større.

Vi har en stor salmeskatt. Og det har vel hendt oppgjennom årene at en har fått mere ut av en salme som liksom traff, enn en preken. I Trømborg, hvor jeg vokste opp, lå den enkle lyse kirken høyt og fritt med utsikt over bygda, og så sant det var gudstjeneste, var jeg der.

Noe opplegg for barn i kirken var det jo ikke, og tiden gikk til tider langsomt.

Var det barnedåp, kunne jeg de to vanligste salmene som ble brukt, og det var kjekt. Ellers ble nok altertavlen grundig studert med alle detaljene av Jesus som kommer ut av graven.

Og det var spennende å bla opp salmene som skulle synges. Men det var nok mest

tunge og vanskelige salmer jeg husker, de var vonde å forstå, og melodiene var så sørgmodige at det var ofte en gjespet på samme sted i versene. Men skulle vi synges «Så vide om land som sol mon gå», var det fint for det var lett å synges og ordene var bedre å forstå. Og da var det kjekt å synges med. Nå synges den vel sjeldnere i kirkene, men den salmen har fulgt meg gjennom hele livet som et slags bakteppe. Versene har nok fått en annen betydning for meg etterhvert som årene har gått. Men de viser så godt hvor dyrebare vi er for Gud, -også høyt elsket. Vi lever jo hele livet omgitt av

Guds nåde – hvis vi vil ta imot. Og ikke noe menneske har rett til å sette grenser for denne nåden.

701

**Så vide om land som sol mon gå,
ei menneskesjel er å finne
som Herrens nåde ei vet å nå
når hjertet ham gjerne vil vinne.**

**Han ser hver en lengsel i sjelens grunn
Som etter det evige higer
Han hører hvert sukk som i nattens stund
Fra dypet til himmelen stiger**

**Han tenner sitt lys på den villsomme vei,
Hans stjerne for ånden opprinner,
Den stråler og vinker og stanser ei
Før hjertet sin Frelser finner.**

**Og var du enn skjult i den mørkeste vrå
Og kjente deg ingen på jorden
og var du blant dem som i sorg måtte gå,
Den aller elendigste vorden.**

**Og tårnet seg synder som fjell i sky
Og sortnet enn alt for ditt øye
Og kjentes hvert minne så tungt som bly
Og så du kun lyn i det høye**

**Å higer din sjel mot sannhets Gud
Og kaller på ham du der inne
Så vet han vei for sitt nådebud
Din Frelser du visst skal finne.**

**Og finner du ham, da finner du alt
hva hjertet kan evig begjære
Da reiser seg atter hvert håp som falt
Og blekner så aldri mere.**

*Teksten er av W.A. Wexels i 1884 prest i oslo og
Melodi av L. M Lindemann –
organist og forfatter.*

Austrheim samfunnshus

- har lokaler til utleige for alle anledninger.
Sal, kafe og møterom tilpassa den enkeltes behov.
Velutstyrt storkjøkken.
Audiovisuelt utstyr i alle rom etter ønske.
Ta kontakt for priser og avtaler.
tlf. 94875892 eller austsamf@gmail.com



Norske Kvinners
Sanitetsforening

Årsmøte

Årsmøte 2020
Årsmøte 26 februar 2020 Kl 19.00
Møtestad : Lokala til foreningen i Furuly.

Vanlige årsmøtesaker
Val - Innkomne saker - Årsmelding - Reknskap
Årsmøte også for Furulystiftelsen

Ynskjer medlemmene og fremja ei sak, må den vera styret i hende innan 14 feb.

Ynskjer gamle og nye medlemmer velkommen



REISEBREV FRA FRODE

I romjula var eg med på leir. Det var rundt 10 menn og éi dame som deltok på leiren. Alle kjem frå fulani-folket i Mali, som har ein sterk muslimsk tradisjon. Fleire av dei som var med på leiren var lærde muslimar: det var folk som har studert islam i Saudi Arabia, Egypt, Algerie og Mali. Etter at me hadde lagt oss om kvelden gjekk praten mellom nokon av dei på arabisk. Nokre av desse mennene har vorte kristne, medan andre ønskjer å forstå meir av kva evangeliet seier om Jesus Kristus. Det vart undervist i tema som deltakarane sjølve hadde meldt inn:

Kva lærer Mosebøkene oss om Isak og Ismael? Kva tyder det at Jesus Kristus er Frelsar? Korleis kan eit menneske få tilgjeving for syndene sine? Korleis skal kristne forholde seg til religiøse lærarar som driv med amulettar og trolldom? Kva seier evangeliet oss om grådighet? Korleis kan ein driva oppdrett av høns på ein måte som gjev pengar i lomma? Eit av privilegia ved å få jobba blant muslimske fulaniar er at dei tar Gud og religion på stort alvor. Gud og bønn er offentlege tema på like linje med fotball og politikk, meir enn å vera veldig personleg

og privat. Folk kan samtala og krangla til stor latter og underhaldning om kva som er Guds vilje i den eine og den andre situasjonen. Kunnskap om Heilage Bøker og Profetar, saman med ekte fromleik gjev respekt. På leiren er programmet organisert rundt fem daglege liturgiske bønner, med undervisningsøktar innimellom og mange gode samtalar over nokre rundar med krutsterk te.

Det er sterkt å møta folk som må betala ein pris for å tru på Jesus. På leiren var for eksempel Moussa som fekk stipend og studerte fire år i Medina i Saudi Arabia. Han vart kristen under sitt opphald i den arabiske verda. No har han vorte utstøytt frå familien sin, og bur heima hjå ein malisk pastor. Innimellom undervisningsøktene såg eg han nokre gonger knelande på sovematta si, medan han song lovsongar til Jesus Kristus. Ein annan som var på leiren var ein ung sympatisk mann som heiter Alhaj. Alhaj sin onkel er ein av dei viktigaste Koran-lærarane i heimlandsbyen deira, og Alhaj var den beste eleven hans. Første gang eg trefte Alhaj var då han trengte ein stad å overnatta fordi faren hadde kasta han ut. Alhaj hadde fått valet mellom å forneakta si kristne tru eller å forlata heimen. Då tok han med seg symaskina si og reiste.

Etter éi natt hjå meg drog han vidare til gullgravarfelta sør i Mali, der han la seg opp pengar som skreddar. Alhaj kom til tru etter fleire år med samtalar med ein fulani-ven som er kristen. Etter åtte år med samtalar, undervisning, lesing, refleksjon og samanlikning mellom Muhammed sin veg og Jesus sin veg, vart Alhaj døypt i september 2019. Heldigvis går det no betre i forhold til familien. I jula var han på besøk hjå foreldra sine i hovudstaden, før han vart med på leiren vår. utfordringa hans no er å finna ei jente å gifta seg med. To forlovingar har vorte brotne, fordi svogerfamiliene ikkje ønskjer å gifta bort dottera si til ein kristen mann, om han er aldri så hyggeleg og skikkeleg.

Det er eit privilegium å få møta Moussa og Alhaj og dei andre som var med på leiren vår, og å få vera ein liten del av deira historie. Det er også sterkt å få oppleva det som min gode ven Samba pleier å seia: «Det er vanskeleg å finna Jesus sin veg, men når du først finn den så får du kvila. Eg skulle ønskja at fleire av folka mine fann Jesus sin veg.» Jesus seier: «Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile! Ta mitt åk på dykk og lær av meg, for eg er mild og mjuk i hjartet; så skal de finna kvile for dykkar sjel. For mitt åk er godt og mi bær er lett». (Matteus 11,28-29)





MASTREVIK TORG - EIN TRIVLEG STAD FOR STORE OG SMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvare • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583

Vi er sannsynligvis en av universets største uavhengige bilverkstedkjeder...

Rune Austrheim
Fosnøy Bilsenter AS
Telefon: 56 16 75 50

BOSCH Service
Car Service

...Så vidt vi vet. All kunnskap og erfaring er samlet i vårt verksted. www.fosbilsenter.no

For everything your car needs.

DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



Mini Frisør


Ønsker velkommen
til gamle og nye kunder.
Vi treffes på Åråshøgda 19.

Timebestilling:

Mand.-Fred.

Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna



Tannlege
Otto Førde
i Mongstadkrysset

Jeg tar imot nye pasienter
og yter akutt hjelp.

Telefon vakt 56 16 98 35

MNTF

Per Kenneth Bø
BYGGMESTER

Panasonic
Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

Vatne
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Ring døgnvakt: 56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.

Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim

Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

BIBLIOTEKET - OPNINGSTID

HOVUDBIBLIOTEKET:

Biblioteket er ikkje lengre
ope for publikum måndagar.

Tysdag kl.10.00-15.00

Onsdag kl.14.00-19.00

Fredag kl.10.00-15.00

epost: bibliotek@austrheim.

kommune.no

Tlf.nr 56162007

FONNES FILLIAL:

Torsdag: Skulebibliotek frå
11.30 Biblioteket er ope til
klokka 16.30

Epost: fonnes.bibliotek@
austrheim.kommune.no

Tlf.nr 56162161

BASSENGET PÅ KALAND:

OPNINGSTIDER:

Måndag kl. 17-18 Familie/born
kl. 18-19 (foreldre med små
born vert prioritert
kl.19-20 Pensjonistar
k. 20-21 Vaksne

Fredag kl. 17-21 for alle

Bassenge føl skuleruta
og er stengd i skuleferiar.

Billettpris: Vaksne kr. 40,-
Born under 16 år kr 20,-



LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

Legevakt 116117

Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

Kl.08.30 - 15.00.

Telefontid: 08.30 - 12.00 og
13.00 - 15.00.

INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

Årås helsestasjon

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:
56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

• Bryllup • Dap • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

• Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter

CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no



Austrheim IL har



ÅRSMØTE

måndag 17.februar
kl. 19.00 i klubbhuset med
kunstgrasbana.

Vanlege årsmøtesaker.
Meir info vil bli lagt ut på
heimesida når det nærmar
seg årsmøte.

Eventuelle saker utover vanlege
årsmøtesaker, må vera styret i
hende innan 30.01.2020 på
austrheimil@gmail.com

Alle medlemmar er velkommen.

*Oppussing av
gravmonumenter*

Utfører vasking,
rensing
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887

ÅRÅS BEDEHUS

Søndag 26. jan	kl 11:00 Formiddagsmøte Reidun Skurtveit talar.
Tirsdag 4. feb	kl 19:00 Bønnekveld
Søndag 16. feb	kl 11:00 Formiddagsmøte Karen Sofie Aasmyr talar.
Tirsdag 18. feb	kl 19:00 Bønnekveld
Tirsdag 3. mars	kl 19:00 Bønnekveld
Søndag 8. mars	kl 11:00 Formiddagsmøte. Reidun Skurtveit talar.
Søndag 15. mars	kl 11:00 Formiddagsmøte. Besøk av Nordhordlandsmusikken
Fredag 20. mars	kl 17:30: Basar! Inntekta går til Nordhordland Indremisjon.

Velkommen til samlingane! www.austrheimindremisjon.no
Austrheim Indremisjon på Facebook.



AUSTRHEIM

Velkommen til fotbehandling!
Jeg holder til i lokalene til Årås
Sanitetsforening, i Furulyvegen 31.

Jeg selger også sko, fotpleieprodukter
og gavekort!



Autorisert foterapeut
Janet H. Rebnord Talberg
Tlf. 98613252
austrheim@basisfot.no

ÅPNINGSTIDER

FOTBEHANDLING:

Mandag kl 11 - 17
Tirsdag kl 9 – 15
Onsdag kl 9 – 15
Torsdag kl 11 – 17
Fredag kl 9 – 15

BUTIKK:

Torsdag kl 17 – 19



LERVÅG BEDEHUS

Menigheten Betania
Lervåg

Søndag 2. februar kl 11:00 **Møte:** Daniel Heimstad

Møtehelg med Hans Martin Skagestad

Fredag 14. februar kl 19:00

Lørdag 15. februar kl 19:00

Søndag 16. februar kl 11:00

Fredag og lørdag er det ungdomskveld etter møtene!



Foto: downnorge

Torsdag 20. februar kl 19:00 **Årsmøte:** Menigheten Betania Lervåg

Søndag 1. mars kl 11:00 **Møte:** Geir Talberg *Nattverd*

VELKOMMEN TIL **SØNDAGSSKOLE** på Lervåg bedehus

16. februar 15. mars 26. april 24. mai

Søndagsskolen er samtidig med møtene kl 11:00

Barn i alle aldre er velkommen 😊



Diakoninemnda gir gåve

Diakoninemnda kjem med ei lita gåve på bursdagen til alle som er over 80 år i Austrheim kommune. Sidan Hildes blomster har lagt ned på Mastrevik torg, så vert det vanskeleg å fortsetje med å dele ut roser. Difor har diakoninemnda bestemt at frå no av kjem me rundt med melkehjerter som gåve. Håpar dette fell i smak.



Gudsteneste for alle

Det er alltid godt å samlas til Gudsteneste for alle. Her får me kjenne på eit godt fellesskap, og det er godt når

me kan vere mange med å delta gjennom heile gudstenesta. Her får du sjå nokre bilete frå 20.des.



Utbedring av Kyrkja

Kyrkja er som tidlegare kjent stengt fram til påske, grunna utbetringsarbeid og forsterking av bærekonstruksjonane, samt at det skal leggjast nytt undertak over koret.

Dette er eit arbeid for spesialistar, men vi gjer det vi kan sjølv. Det vil seia demontering og flytting av kyrkjebenkane, flytting av stolar, nedkopling av lysekruner, høgtalarar og ikkje minst innpakking av det meste av faste og flyttbare gjenstandar. Det er behov for å pakka

inn i plast for å unngå problem med støv i byggeprosessen. Golv og teppe vert beskytta med plater, men dette er det byggmeisteren som legg. Når benkane no vert fjerna, lagar vi plass rundt bæresøylene som skal bytast ut. Noko av det første som skjer er at det vert laga hol i golvet rundt dei søylene som skal bytast ut. Frå gammalt av står dei eksisterande søylene på gamal gråsteinsmur. Det skal setjast opp midlertidige jerndragarar som avlastar dei gamle søylene som vert tatt bort før det vert støypt nye fundament for dei nye søylene.



Arne Bertelsen og Stein-Olaf Jordal demonterer og flyttar kyrkjebenkane



Bjørn Helge Olsen pakkar inn altarringen, eller kanskje han er i djup bøn for at arbeidet skal gå bra.